Sams vegadministrasjon – mandat for utgreiing

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016 – 2017) Ny inndeling av regionalt forvaltingsnivå, jf. Innst. 385 S (2016 – 2017) gjorde Stortinget oppmodingsvedtak om at regional vegadministrasjon skal overførast til regionalt folkevald nivå. Vedtaket lyder:

Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå.

Det går fram av Prop. 1 S (2017 – 2018) for Samferdselsdepartementet at regjeringa arbeider med å følgja opp dette og vil koma tilbake til saka på eigna måte. Vegdirektoratet får med dette i oppdrag å greia ut spørsmål om å overføra til fylkeskommunane den delen av vegadministrasjon i Statens vegvesen som utfører oppgåver for fylkeskommunane etter veglova. Det er ein føresetnad at arbeidet vert gjort i nært samarbeid med KS og fylkeskommunane.

Departementet tek sikte på å presentera endeleg resultat av arbeidet for Stortinget i statsbudsjettet for 2019. Arbeidet må derfor vera avslutta innan 15. mai 2018. Det kan leggjast fram delleveransar under arbeidet.

Departementet vil etablera ein samhandlingsstruktur som inneber møte mellom Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Statens vegvesen, fylkeskommunane og KS. Departementet bed Statens vegvesen om å ta opp saker som krev avklaringar under vegs. KS og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan og ta opp saker som krev avklaringar.

Oppdraget vil vera todelt. Del ein vil vera kartlegging av dei oppgåvene som ligg til sams vegadministrasjon i dag. Som del to vil det vera ønskeleg å vurdera kostnader og konsekvensar av ei overføring for Statens vegvesen og fylkeskommunane. Vidare er det ønskeleg med skisse(r) til modell(ar) og framlegg om korleis ei overføring av den delen av sams vegadministrasjon som gjeld fylkesvegane, kan gjennomførast. Oppdraget er avgrensa til dei oppgåvene som skal flyttast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Tilpassingar internt i Statens vegvesen etter ei overflytting, er ikkje ein del av utgreiingsoppdraget.

1. <u>Kartlegging</u>

Det vil vera sentralt med ei kartlegging av faktagrunnlaget for sams vegadministrasjon. Kartlegginga vil omfatta kva for oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane i dag. I oppmodingsvedtaket frå Stortinget er planlegging og drift nemnt, men det vil vera naturleg med ein total gjennomgang og opplisting av alle oppgåver som sams utfører for fylkeskommunane etter veglova, som planlegging, utbygging, forvalting, drift og vedlikehald m.m.

Sams vegadministrasjon er i dag ein del av Statens vegvesen når det gjeld økonomi, tilsette og organisasjon. Utgreiinga må kartleggja kor store ressursar av sams vegadministrasjon som i dag vert nytta til oppgåver som gjeld fylkesvegar. Kartlegging av ressursbruken vil

både gjelda personalmessige og budsjettmessige ressursar. Felles ressursar som utfører oppgåver for fylkeskommunane, skal og kartleggjast.

2. Modellar for ny regional vegadministrasjon

Med bakgrunn i kartleggingsarbeidet er det ønskeleg med skisse(r) til modellar for korleis del av regional vegadministrasjon i Statens vegvesen kan overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Utgreiinga skal utførast i tråd med instruks om utredning av statlige tiltak (utredningsinstruksen), kapittel 2. Departementet bed særleg om at verknadene og alle vesentlege konsekvensar (juridiske, økonomiske, administrative, og andre konsekvensar) for Statens vegvesen og fylkeskommunane av modellane vert presenterte, saman med tilråding av modell/tiltak. Det skal vurderast om ei overføring vil gje endra ressursbruk. I tillegg til kartlegging av kostnader skal det vurderast gevinstar i dei ulike modellane, og om det er modellar som kan gje særlege gevinstar ved overføring.

Som ein del av dette arbeidet bør det utgreiast om enkelte oppgåver er av ein slik art at det ikkje er naturleg med oppdeling, men at oppgåvene bør haldast samla for alle fylkeskommunar/regionar eller samla for både fylkeskommunar/regionar og staten ved ei overføring. Uavhengig av val av modell er det ønskeleg med ei skisse til opplegg for korleis ein prosess med overføring av oppgåver kan gjennomførast, med sikte på at ei overføring vert gjort på ein så god måte som råd er for trafikantar og andre brukarar av tenestene til vegstyresmaktene. Det må i den samanhengen gjerast greie for kven som skal ha ansvaret for at dei ulike endringane vert gjennomførte ved ei overføring.

Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette sine rettar må vurderast generelt og konkret i dei skisserte modellane.

Ved omorganisering av vegadministrasjonen i Statens vegvesen som utfører arbeid for fylkeskommunane, vil det oppstå behov for å endra gjeldande lovgiving og/eller behov for å gjera framlegg om nytt lov- og regelverk. Spesielt skal det vurderast om det er formålstenleg med ei eiga overføringslov ved ei overføring. Framlegg til konkrete endringar av den gjeldande lovgivinga og eventuelt nytt lov- og regelverk, saman med kommentarar til dette, er derfor og ein del av dette oppdraget.

Det vert lagt til grunn for utgreiinga at ei overføring skal gjennomførst ved etablering av dei nye fylkeskommunane 1. januar 2020.